

aTraction

Prosjekt 3, DRSK /HISN januar 2016

Tema: Bukse/jakke Irene Fanebust Eknes



Innhald

Designprosess	s 3
Inspirasjon	s 4
Idéskisser til jakke	s 12
Utprøving av design på byste.....	s. 16
Produktfoto	s 17
Presentasjonsfoto.....	s. 20
Teikningar på figur og flateteikning.....	s.23
Vurdering av design og produkt	s.28
Estetiske kvalitetar i produkt og prosess...	s.29
Tilpasning på modell og kvalitet i arbeidet.	s.30
Snittmønster og mønsterkonstruksjon.....	s 31

Designprozess

INSPIRASJON

Citroén Traction 1953



Kollasj & materialkart, strek

INSPIRASJON TIL DESIGN FOR JAKKE - "I GARASJEN TIL SVILDEFAR"




Citroën 53

U-33333





Teiknemodell












IDESKISSER TIL JAKKE










UTPRØVING AV DESIGN PÅ BYSTE



Produktfoto

Lukka jakke



Open jakke



Presentasjonsfoto






Teikningar av figur på plagg

Flateteikning







FASHION Illustration now" (Wiedeman 2013)



Vurdering av design & produkt

ESTETISKE KVALITETAR I PRODUKT OG PROSESS

Utgangspunkt for gjeldande designprosess har vore å sy ein kort jakke inspirert av estetiske kvalitetar ved ein Citroén Traction, 1953 modell. Særleg er det runde former og mjuke linjer som har vore inspirasjonskjelder, i tillegg til kontrastar i tekstur, materialitet og fargar. Stilhistorisk har også 50 og 60 talets klassiske snitt påverka idéprosessen.

Designelement frå «Traction» finn ein særleg i ein bua saum på ermene, som er henta frå linjene i baksetet. Det same er rillene i øvre del av jakken. Rillene finn ein og igjen på utsida av bilen, i grillen og langs sidene. Retninga på glidelåsopninga i lommene er henta frå metalldekoren i grillen. Dette kunne vore enda meir tydeleggjort ved å legge inn fleire parallelle lommer eller dekorlinjer. I idéskisser 2,3, 4 og 10 er det prøvd ut, men undervegs i prosessen vart variasjonar av rilla tekstur og slette flater det viktigaste dekorelementet.

Typisk for partia med riller, er at dei gjev større oppleving av tyngde. Det blir ein viktig faktor i det å finne ein god balanse mellom rillestruktur og flate. Ved å plassere dei over bryst, blir tyngdepunktet flytta oppover og uttrykket meir maskulint. Riller på mage og rygg skapar ei meir eggeforma kurve, og ein missar den dynamiske oppadgåande rørsla. Valet vart var å halde rillene i øverste del av torsoen og på armene. I høve til innsnitt var det og mest elegant å legge dei horisontale linjene over bryst og skulderblad på ryggen. Ut frå lengda på jakken og det gylne snitt vart det og mest riktig å dele jakken slik.

Når det gjeld linjene som oppstår i møtet mellom ulike flater, kunne denne i mykje større grad ha utnytta designpotensialet i Citroén. Sluttproduktet kan opplevast litt klisjé og kjedelig. Dette er i større grad prøvd ut i skissene (nokon også teikna etter at jakken var ferdigsydd). Mest interessant er kanskje mulighetene i skisse 6.

Nokon av elementa er og prøvd ut i ein 3 dim. modell, med andre materiale. Ideen er å skape større kontrastar i overflate og å trekke inn fleire former frå bilen. Eg la inn ei meir typisk linje bak, understreka av ei parallell lomme på ryggen. Lommene framme er flytta til brystpartiet for å skape meir tyngde oppe og maskulinitet i uttrykket. På same måte er kragen også gjort meir tydelig, og glidelåse meir røff. Faren ved å legge ei konveks linje høgt oppe på torsoen, er at den nedste forma blir den mest dominerande delen. Med utgangspunkt i kroppen og ønska uttrykk, skapar det ubalanse i tryngdepunktet.

I høve til utgangspunktet er den andre jakken og dei første skissene, kanskje meir interessant enn uttrykket i sluttproduktet. Det manglar eit overaskingsmoment, i høve til tekstur. Samtidig framstår kanskje den første jakken som meir heilskapleg i høve materiale og fargeval. Kvalitetskontrasten i fargane går frå bruntonar, kobbar til ein kitta gamalrosa farge i føret med brune 50 tals polkadottar. For å stramme opp uttrykket, er mønsterlinjene framheva med doble sting langs saumar framme, og bak og på utsida av ermene. Ein kan kanskje sei at det franske elegante, har fått større plass, enn rockabilly-stilen.

Kontrasten mellom det blanke og matte kunne vore betre utnytta, ved t.d. å legge eit blank stoff i føret. Bomullstoffet skapar liten effekt, men er valgt på bakgrunn av funksjon farge. Bomullstoffet er meir behagelig mot huden. Kvaliteten i

yterstoffet ser allereie ut til å bli slitt, særleg der det har vorte mykje bearbeida. Belegget ser heller ikkje ut til å kommunisere optimalt med resten av materiala. Det er litt stivt og legg seg på ein annan måte enn mjukt ullstoff og bomull. Det er likevel valgt på grunn av tekstur og mønster.

TILPASNING PÅ MODELL OG KVALITET I ARBEIDET

Som nemnt over er jakken inspirert av det formsydde enkle 50 tals-snittet. Typisk for denne stilen kunne også vere å ha store slag og krager. Tidleg i idéfasen valgte dette likevel bort, då modellen har kurva former og kler betre ein enkel krage, utan slag.

Ved å velje lukking med glide lås, set det krav til å treffe ei god linje over bryst og mage. På produktfoto med lukka jakke, kan ein sjå at glide låsen buklar seg og at det skapar ei bølgja linje. Årsaka kan vere saumteknisk at stoffet er for mykje strekt i påsyng av låsen, og at stoffet på belegget er for tjukt. Bak blir det og foldar i ryggen. Det kan vere at det hadde blitt retta opp ved å strekka i stoffet før foto. Det ville kanskje og vore riktig å å korte ryggen ved å legge inn eit horisontalt snitt i mønsterdelane. I ettertid ser eg at armene kunne vore lengre. Skuldersaumane kunne også vore litt lenger ut for å skape meir tyngde oppe. Overgangen mellom riller og flatt stoff over brystet er litt ujamn på venstre side. Her blir det ein liten bulk som kunne vore unngått ved å stremma litt meir i det nederste stoffet. Kanten nedst bak er skeiv og heller litt mot høgre. Framme er nede kant ved høgre glide lås ujamn. På innsida er det tatt frå yterstoffet i overgangen til belegget, då dette var klippa feil. Det var tomt for stoff og måtte løysast innafor dei rammene som var tilgjengeleg.

Totalt sett fungerer designtilpasningane i til høve modell. Forma fylgjer kurvene, men er mest flatterande når glide låsen er open. Den enkle kroppsnaere snittet, forlenging av vertikale linjer bak og fargeharmonien er kanskje dei mest vellukka grepa. Kvaliteten i arbeidet er under utvikling, men feil i klipping, og mangel på stoff gjer at detaljane enda ikkje er heilt på plass.

Snittmønster & mønsterkonstruksjonsøvingar

SNITTMØNSTER aTRACTION
Design Irene Fanebust Eknes

SNITTMØNSTER DOLOMIT
Design Irene Fanebust Eknes

MØNSTERKONSTRUKSJONSØVINGAR
Grunnmønster «Mønster och konstruktioner»